

Advokatfirmaet Erland, Verling & Co DA  
Postboks 1063 Sentrum  
5809 BERGEN

Vår dato: 09.09.2016  
Vår ref.: 201404287-15  
Arkiv: 411 / 066  
Dykkar dato: 26.08.2016  
Dykkar ref.: th@ev-advokater.no

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane

## Overvatn på GBnr. 14/98 m.fl - Oppmoding om ny vurdering av saka frå NVE si side - Radøy kommune

NVE syner til brev dagsett 26.08.16. frå Advokatfirmaet Erland, Verling og Co DA v/Adv. Tarjei Hovland i samband med vassproblem på gnr. 14, bnr. 98 på Valdernesnes i Radøy kommune.

I brev av 27.03.2015 (201404287-11) konkluderte NVE med at ein ikkje klårt kan sei at aktsemdplikta er broten. Det er denne konklusjonen NVE no vert oppmoda om å sjå på nytt.

Oppmodinga er grunngeven med at NVE etter vassressurslova § 59 kan gje pålegg om retting av tilhøve som er i strid med lova.

NVE har alt vurdert saka etter § 59 og kome fram til at ein ikkje klårt kan sei om aktsemdsplikta er broten.

Etter vassressurslova har NVE ei rolle i å vurdere om tiltak i vassdrag kan medføre skader eller ulemper for ålmenne interesser på ein slik måte at det oppstår konsesjonsplikt etter vassressurslova § 8. Om det er uklårt om tiltaket treng konsesjon, kan tiltakshavar eller andre med rettsleg interesse be NVE vurdere konsesjonsplikt etter vassressurslova § 18 for å avklare vidare saksgang, sjå NVE si heimeside (<https://www.nve.no/vann-vassdrag-og-miljo/konsesjonsplikt-vurdering-av-vassdragstiltak/>). Når handsaming etter plan- og bygningslova omfattar dei omsyn som vassressurslova skal ivareta, kan denne handsaminga erstatte handsaming etter vassressurslova.

Det normale for denne type inngreppsaker, er at handsaming etter plan- og bygningslova erstattar handsaming etter vassressurslova, sidan det er dei same tilhøva som skal vurderast i byggesaka som ved ei ev vurdering etter vassressurslova. Handsaming etter begge lovverka krev at tiltaket og konsekvensar tiltaket har på mellom anna landskap, naturverdiar og brukarinteresser, vert skildra og vurdert. NVE ser det som ein fordel at denne type tiltak vert handsama etter plan- og bygningslova.

I vårt brev av 06.10.2014 (201404287-8) står det at det var semje mellom NVE og kommunen om at saka skulle følgjast vidare opp av kommunen. Utover dette konkluderte vi at saka har privatrettslege sider, noko som er utanfor NVE sitt mynde å ta stilling til.

Vi kan ikkje så at det har kome inn nye opplysningar som endrar vår konklusjon. Saka må takast opp med Radøy kommune.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



Til orientering er det Fylkesmannen som skal følge opp om kommunen gjer naudsynte vedtak i ei sak.

Med helsing

Brigt Samdal  
Regionsjef

Siss-May Edvardsen  
sjefingeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg:

Kopi til:

Radøy kommune